



MELAND KOMMUNE
Rådmannskontoret

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112, Dep
0032 OSLO

Dykkar ref.
Vår ref. RHH

Journalp.ID 10/11015
ArkivsakID 10/847
Arkiv nr. N-000, N-016

Dato 17.09.2010

MELDING OM VEDTAK

**HØYRINGSNOTAT - MOGELEG NY MODELL FOR INTERKOMMUNALT
SAMARBEID: SAMKOMMUNEMODELLEN**

Det er gjort vedtak i saka, slik det går fram av vedlagde utskrift av møteboka.

RÅDMANNSKONTORET

Randi Hilland
Randi Helene Hilland
Sekretær

Vedlegg

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Formannskapet	01.09.2010	HET	081/10
Kommunestyret	15.09.2010	HET	072/10

Avgjerd av: Kommunestyret	Ansv.	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksbeh.: Helge Thorsen	HET	N-000, N-016	10/847

HØYRINGSNOTAT - MOGELEG NY MODELL FOR INTERKOMMUNALT SAMARBEID: SAMKOMMUNEMODELLEN

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	26.04.2010	Kommunal- og regionaldepartementet	HØYRINGSNOTAT - MOGELEG NY MODELL FOR INTERKOMMUNALT SAMARBEID: SAMKOMMUNEMODELLEN
3	I	11.06.2010	Kommunal- og regionaldepartementet	HØYRINGSNOTAT - MOGELEG NY MODELL FOR INTERKOMMUNALT SAMARBEID: SAMKOMMUNEMODELLEN - UTSETT HØYRINGSFRIST TIL 01.10.10

Saksutgreiing:

Kommunal- og regiondepartementet ber om tilbakemelding på forslag om ny modell for interkommunalt samarbeid i form av ein samkommune.

Høyringsnotatet byggjer på tidlegare framlegg frå 2005, der det vart gjort framlegg om lovfesting av to ulike interkommunalt samarbeidsorgan for å løyse tradisjonelle kommunale forvaltningsoppgåver, innbyggjarretta tenester og offentleg utøving av mynde.

Den modellen som med verknad frå 01. januar 2007 førte til endringar i Kommunelova (§§28 a-k), gjorde det mogeleg å etablere to variantar av vertskommunesamarbeid. Etablering av samkommunar vart **ikkje** lovfesta, men kunne startast opp som forsøksordning etter nærare godkjenning av departementet..

Samkommunemodellen er meint å vere eit *tilbod* til kommunane om å samarbeide også når det gjeld lovpålagte oppgåver som inneber utøving av offentleg mynde.

Kommunane kan gjennom modellen etablere eit interkommunalt tiltak som vert underlagt sams styring frå kommunestyra i deltakarkommunane. Også ein fylkeskommune kan vere deltakarkommune.

Samkommunen skal:

- vere eigen juridisk person, dvs fungere som eige rettssubjekt
- kommunestyra kan med alminneleg fleirtal vedta å delta i ein samkommune
- oppgåvene som vert overført til samkommunen skal vere identiske for alle deltakarane
- Samkommunestyret skal minst vere representert med 3 medlemmer frå kvar deltakar. Representantane skal vere medlemmer i kommunestyret.
- Samkommunestyret skal sjølv velje leiar og nestleiar
- Samkommunen skal ha ein administrativ leiar som skal tilsetjast av samkommunestyret
- Deltakarkommunane heftar uavgrensa for ein prosent eller brøkdel av samkommunen sine forpliktingar
- Samkommunen kan vere vertskommune etter kommunelova § 28b jf. § 28 a
- Det skal opprettast ein samarbeidsavtale, der m.a. samkommune sitt namn, deltakarkommunar, tal representantar i samkommunestyret m.m. skal definerast.

Meir utfyllande opplysningar om økonomi, sakshandsamingsreglar, tilhøve til kommunelova, oppløysing, klageordningar, lovlegkontroll, tilhøve til lov om offentlege anskaffingar m.m. er omtala i høyringsnotat, som er vedlegg i saka. (ikkje utsendt).

Vurdering:

Etablering av eventuell samkommune for delar av den kommunale verksemda i Nordhordlandskommunane, vart omhandla i samband med rapporten "Nye samhandlingsformer og strukturendringar i Nordhordland", som vart utarbeidd i 2006 av Asplan Analyse og ECON analyse i 2006.

Prinsipielle vurderingar av å inngå i interkommunalt samarbeid, uavhengig av modell er også omtala i høyringsnotatet.

Å gje ei utømande utgreiing og eintydig konklusjon av alle sider ved dei ulike samarbeidsmodellar når det gjeld interkommunalt samarbeid, vil det ikkje vere høve til i denne saka.

Imidlertid kan ein slå fast at den kommunale tenesteytinga er i stendig omstilling både i høve til omfang og oppgåver. Nye oppgåver kjem til som eit resultat av samfunnsutviklinga, medan det på ei rekke andre område vert lagt opp til at tenesteytingane vert lovheimla. Dette stiller store krav til tenesteapparatet. På dei lovpålagte individretta tenesteområda er det ei utfordring å rekruttere fagpersonell. Når det gjeld oppgåvene av meir forretnings- og driftsmessig art vert det stilt krav til m.a. innkjøpskompetanse og evne til å ta stode til juridiske problemstillingar.

Alle kommunar skal fungere som sokalla generalistkommunar, dvs at alle kommunar utan omsyn til storleik og økonomi, skal levere lovpålagte tenesteytingar og utføre statlege pålegg. So kompleks som kommunal sektor etter kvart har utvikla seg til å bli, vil det vere uråd å halde fast ved generalistkommuneprinsippet. Oppretting av ulike interkommunale samarbeidsorgan eller etablering av større kommunar gjennom samanslåingar, vil utan tvil tvinge seg fram innan kort tid.

Det er liten tvil om at prosessen rundt den sokalla samhandlingsreforma (St. meld. 57 2008-2009), der kommunane skal få eit vesentleg større ansvar for helseoppgåver, har vore den direkte årsak til at høyringsnotatet om lovfesting av samkommunemodellen no vert presentert.

Konklusjonen i rapporten frå Asplan Analyse og ECON Analyse d. 16.06 2006, var i prinsippet negativt.

Utfordringar, spesielt i høve representasjon og innflytelse, og at overføring av oppgåver til samkommunen ville gjere små kommunar ”mindre”, er nemnt i oppsummeringa

Eit resultat av samkommune er også at dei direktevalde kommuestyrerepresentantane i dei ulike kommunane ville verte fråteke avgjerdsmynde i mange og kanskje dei viktigaste sakene. Dette vil svekke lokaldemokratiet.

På prinsipielt grunnlag bør ein også stille seg spørsmålet om det er rett å etablere eit fjerde forvaltningsnivå i offentleg sektor.

KS har gjeve uttale i saka (sjå vedlegg) KS har både prinsipielle og faktiske innvendingar mot å lovfeste samkommunemodellen.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”Meland kommune vil på prinsipielt grunnlag ikkje rå til å lovfeste samkommunemodellen, jf. Kommunal- og Regionaldepartementet sitt ”Høyringsnotat om forslag til lovfesting av samkommunemodellen.”

01.09.2010 FORMANNSKAPET

FS-081/10 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”Meland kommune vil på prinsipielt grunnlag ikkje rå til å lovfeste samkommunemodellen, jf. Kommunal- og Regionaldepartementet sitt ”Høyringsnotat om forslag til lovfesting av samkommunemodellen.”

15.09.2010 KOMMUNESTYRET

KS-072/10 SAMRØYSTES VEDTAK:

”Meland kommune vil på prinsipielt grunnlag ikkje rå til å lovfeste samkommunemodellen, jf. Kommunal- og Regionaldepartementet sitt ”Høyringsnotat om forslag til lovfesting av samkommunemodellen.”

Rett utskrift

Dato: 17.09.10

Randi Skelam d

Kopi til:

Kommunal- og regionaldepartementet